

Kom med loppar i morgon!

21.02.2013



Presidenten i Lions i Kvinnherad, Erlingur Nielsson kjem med ei sterk oppmoding til oss alle om å levere inn loppar mellom klokka 16 og 19 imorgon fredag. Innleveringa skal skje der loppemarknaden finn stad på laurdag føremiddag.

Det er tredje året på rad Lions held loppemarknad i Aktivitetssenteret og i tillegg til salet av brukte ting blir det sal av kaffe og vaflar og nokre musikkinnslag.

Klubben har i mange år støtta viktige prosjekt, ikkje berre ute i verda men i høgste grad også lokale føremål. Det er ikkje minst viktig å støtte dei som driv med førebyggjande arbeid blant born og ungdommar. Klubben etterlyser søknadar frå dei som driv med dette i Kvinnherad.

På biletet over er presidenten i gang med salet under marknaden i fjor.

Foto: Ola Matti Mathisen